

FYLKESMESSE FOR UNGDOMS- OG STUDENTBEDRIFTER

Førdehuset - Førde 4. MARS 2015

ARRANGØR : UNGT ENTREPRENØRSKAP SOGN OG FJORDANE

KONKURRANSEKRITERIUM UNGDOMS BEDRIFTER ALLE KONKURRANSAR



Velkommen til ein spennande dag i
Førde den 4. mars 2015 !

Fylkesmessa 2015

Fylkesmessa 4.mars – Førdehuset, Førde

Konkurransar (med kriterier) på Fylkesmessa 2015 :

1. Beste marknadsføringstiltak.....	s. 3
2. Beste utstilling.....	s. 3
3. Beste produkt (med verdiskapingspotensiale).....	s. 4
4. Beste teneste.....	s. 4
5. Beste innovative produkt.....	s. 4
6. Beste innovative idé.....	s. 5
7. Beste ungdomsbedrift.....	s. 5
8. Beste klima / miljøtiltak.....	s. 6
9. Beste sosiale entreprenørskapsprosjekt.....	s. 7
10. Beste internasjonale prosjekt	s. 7
11. Beste rekneskap.....	s. 8
12. Produktdesignprisen.....	s. 8
13. Beste HR bedrift.....	s. 8

Generell kommentar: Alt materiell / dokumentasjon skal sendast inn digitalt til Ungt Entreprenørskap (med unntak av rekneskapsbilag).
 Send materialet til : eivind.husabo@ue.no

Det vert lagt vekt på at alt marknadsføringmateriell samt utstilling skal vere eigenprodusert. Gode råd og samarbeid med konsulentar / næringsliv er sjølvstilt.

Spørsmål kan rettast til Eivind Husabø på telefon: 415 30 660, eller på e-post eivind.husabo@ue.no Får du ikkje svar på telefon ber vi deg legge att beskjed med navn og nummer.

FRIST FOR PÅMELDING TIL FYLKESMESSA : **FREDAG 6. FEBRUAR 2015.**

FRIST FOR INNSENDING AV MATERIELL TIL UE SOGN OG FJORDANE : **FREDAG 13. FEBRUAR 2015**

VIKTIG : MANGLANDE DOKUMENTASJON / KONKURRANSEMATERIELL VIL FØRE TIL DISKVALIFISERING I DEN AKTUELLE KLASSEN.

Konkurranseskriterier :

Det vil verte delt ut inntil tre premiar i kvar klasse. Alle ungdomsbedriftene på messa deltek automatisk i klassen: "Beste utstilling."

KLASSAR PÅ FYLKESMESSA 2015 :

1. Beste marknadsføringstiltak

Det er viktig at ungdomsbedrifta får fram den totale marknadsføringsaktiviteten i bedrifta. Døme på marknadsføringsaktivitetar kan være: brosjyre/flygeblad, Facebook/sosiale medier, nettstad for bedrifta, reklamefilm, redaksjonell omtale i media, personleg sal/oppøkande verksemd, kampanje, profilering på messer, reklame etc. Det er ikkje meininga at ungdomsbedrifta skal ha nytta alle disse verkemidlane, men at de har ei bevisst haldning til kva de har valt og kvifor.

Juryen vil legge vekt på ei heilskapsvurdering av bedrifta sin samla marknadsføringsprofil og vil spesielt vurdere:

- Verkemidlar som bedrifta har nytta og bedrifta sin grunngjeving for val av verkemidlar
- Korleis bedrifta har nådd ut til kundane/målgruppa
- Korleis bedrifta har gjennomført marknadsføringa av bedrifta

Bedrifta skal sende inn ein beskrivelse (maks 5 A4 sider) i PDF-format som skal innehalde informasjon om:

- Punkta (kriteriane) over.
- Arbeidsprosessen - f.eks. kven i ungdomsbedrifta gjorde kva ?
- I kva grad de har nytta ei ekstern bedrift/konsulent i arbeidsprosessen. Dersom de har gjort det, må de forklare korleis ansvarsfordelinga mellom ungdomsbedrifta og den eksterne bedriften/konsulenten har vore.
- Dokumentasjon (bilder, oppslag, lenkjer) på markesføringsaktivitetane som er gjennomførte. Ein eventuell reklamefilm må leggast tilgjengeleg på nett
- (YouTube, Vimeo eller liknande) og link må ligge i beskrivelsen.
- Kontaktperson i ungdomsbedrifta med telefon og epost adresse slik at juryen har høve til å få svar på eventuelle spørsmål.

Til Fylkesmessa: dokumentasjon på marknadsføringstiltak skal sendast inn digitalt til eivind.husabo@ue.no
Frist for innsending av alt materiell : **Fredag 13. februar 2015**

2. Beste utstilling

Juryen vil legge vekt på fylgjande kriterier :

- Estetisk uttrykk :
 - Utforming, informasjonsskjelde og kobling til bedrifta si verksemd
- Personleg uttrykk :
 - Sals- og presentasjonsteknikk, produktkunnskap og samspel i bedrifta
- Utstillinga skal vere eigenprodusert.

Til fylkesmessa : Alle deltakande ungdomsbedrifter på messa er med i konkurransen.

3. Beste produkt (med verdiskapingspotensiale)

Juryen vil legge vekt på fylgjande kriterier :

- Kvalitet på produkt
- Produktdesign
- Verdiskapingspotensiale
- Personleg uttrykk
 - Sals- og presentasjonsteknikk, produktkunnskap og samspel i bedrifta

Til fylkesmessa : Send ein kort produktbeskrivelse (maks 2 A4 sider) til eivind.husabo@ue.no innan **Fredag 13. februar 2015**

4. Beste teneste

Juryen vil legge vekt på fylgjande kriterier:

- Kvalitet på tenesta
 - Planverk / dokumentasjon / innhald i tenesta
- Gjennomføringsgrad av tenesteyting / salg av tenesta
 - I kva grad har bedrifta solgt / gjennomført tenesta ?
- Eventuelle attendemeldingar frå brukarar
 - Brukarundersøking
 - Evaluering av tenesta
- Personleg uttrykk
 - Sals- og presentasjonsteknikk, kunnskap om tenesten og samspel i bedrifta

Til fylkesmessa : Send ein kort beskrivelse av tenesta (maks 2 A4 sider) til eivind.husabo@ue.no **Fredag 13. februar 2015**

5. Beste innovative produkt

I denne konkurransen innovative produkt (varer og tenester) belønna. Det kan vere produktet i seg sjølv eller korleis produktet framstår. Ver nøye med å sjekke at produktet ikkje fins på marknaden frå før, eller at produktet allereie er beskytta eller patentert.

Juryen vil legge vekt på fylgjande kriterier :

- Innovasjonsgrad
- Funksjonalitet og bruksområde
- Kor brukarvenleg produktet er
- Nyskapande design/konsept
- Samarbeid med nettverk i prosessen frå idé til design?
- Er produktet egna for kommersialisering ?

Til Fylkesmessa: Dei påmelde i konkurransen sender produktbeskrivelse til eivind.husabo@ue.no (maks 2 A4 sider) innan **Fredag 13. februar 2015** Beskriv gjerne produktet med skisse eller bilede.

6. Beste innovative idé

I denne konkurransen innovative idéar belønna. Det kan vere idéen i seg sjølv eller korleis idéen framstår. Ver nøye med å sjekke at produktidéen ikkje fins på marknaden frå før, eller at produktet allereie er beskytta eller patentert.

Juryen vil legge vekt på fylgjande kriterier :

- Innovasjonsgrad / grad av nyskaping
- Funksjonalitet, bruksområde og brukarvennlegheit
- Samarbeid med nettverk gjennom prosessen med idéutvikling.
- Er produktet egna for kommersialisering / marknadsundersøkingar ?

Til Fylkesmessa: Dei påmelde i konkurransen sender produktbeskrivelse og dokumentasjon av prosessen til eivind.husabo@ue.no (maks 3 A4 sider) innan **Fredag 13. februar 2015**

7. Beste ungdomsbedrift

Ungt Entreprenørskap i fylka kan nominere inntil 5 ungdomsbedrifter til NM for ungdomsbedrifter på Thon Hotel Arena, Lillestrøm 29. – 30. april 2014. Ungdomsbedrifta deltek med maks fem personar. Konkurransedeltakarane får maks vere 20 år på konkurransedagen.

Konkurransen er delt i fire:

- Delårsrapport
- Utstilling
- Intervju på stand
- Presentasjon frå scene

A) Delårsrapporten

- Skal vere i A4-format, maksimalt 12 sider (inkl vedlegg, forside og bakside), og skal skrivast som eit heilskapleg dokument.

Framsida (omslaget) av delårsrapporten skal innehalde:

- Navn på ungdomsbedrifta.
- Navnet på skulen ungdomsbedrifta er tilknytt.
- Årstal som ungdomsbedrifta er i drift.
- Namn på mentor og mentor sin arbeidsplass.
- Namn på ansvarleg lærar

Fyrste side er ei oppsummering og skal innehalde fylgjande moment :

- Namn på bedrifta
- Forretningsidé, føremål/visjon
- Produkt
- Økonomiske nøkkeltall
- Oppsummering av bedrifta sine aktivitetar
- Innholdsforteikning

Delårsrapporten skal også innehalde informasjon om:

- Alle ansvarsområder som fins i ungdomsbedrifta
- Økonomi
- Samarbeid med mentor, næringsliv og nettverk
- Læringseffekt
- Potensial på lang sikt

B) Utstilling

Juryen vil leggje vekt på fylgjande kriterier :

- Estetisk uttrykk
- Utforming, informasjonskjelde og kobling til bedrifta si verksemd
- Personleg uttrykk
- Sals- og presentasjonsteknikk, produktkunnskap, samspel i bedrifta
- Utstillinga skal vere eigenprodusert

C) Intervju på stand

Deltakarane i klassen «Beste ungdomsbedrift» vil verte intervjuet medan dei står på stand. Dommarane i klassen vil komme rundt og gjennomføre intervjuet.

Under intervjuet blir det lagt vekt på at representantane for ungdomsbedrifta får fram :

- Innhaldet i bedrifta / forretningsidé
- Drift av ungdomsbedrifta (prosessen frå registreringsmøte og fram til dags dato)
- Samspel og samarbeid i bedrifta (Inkluderande Arbeidsliv / Human Relations / Helse Miljø Sikkerheit)
- Framtidsperspektiv for bedrifta

D) Presentasjon på scene

Presentasjonen er på inntil 4 minuttar og skal dekke alle aspekt ved ungdomsbedrifta. Ungdomsbedrifta skal presentere verksemda si og det skal ikkje vere meir enn fem deltakarar på scena. Presentasjonen skjer i ein sal med publikum. Det er høve til å nytte projektor. Ungdomsbedriftene som skal presentere må levere powerpoint - presentasjoner og liknande seinast **Fredag 13. februar 2015**

Send inn presentasjonen til : eivind.husabo@ue.no

Presentasjonen blir bedømt etter:

- Struktur
- Innhald og relevans
- Utføring; presentasjonsteknikk, originalitet og bruk av visuelle hjelpemiddel.

Til Fylkesmessa: For å kunne bli vurdert i konkurransen Beste Ungdomsbedrift må ungdomsbedrifta sende inn delårsrapport i pdf-format til eivind.husabo@ue.no Frist : **Fredag 13. februar 2015**

8. Beste klima og miljøtiltak

Ungdomsbedrifter som satsar på klima- og miljøtiltak kan delta i denne konkurransen. Ungdomsbedriftene vil bli vurdert ut frå tre kriterier:

- Produktet eller tenesten i ungdomsbedrifta skal ha som føremål å:
 - Aktivt ta omsyn til klima- og miljø
 - Fremje / utvikle / vidareutvikle klima og miljøtiltak retta mot ungdomsbedrifta sine produkt / tenester eller generelt i ungdomsbedrifta.
 - Fremje holdningsskapande arbeid innanfor klima / miljø

- Bedrifta har ein klar miljø- og klimaprofil.
- Bedrifta har laga ein kort rapport om klima- og miljøtiltak i ungdomsbedrifta og for produktet / tenesten.

Til Fylkesmessa: Send inn ein beskrivelse av ungdomsbedrifta / produktet / tenesta sin energiprofil (max 2 A4 sider) eivind.husabo@ue.no Frist : **Fredag 13. februar 2015**

9. Beste Sosiale entreprenørskapsprosjekt

Prisen "Beste sosiale entreprenør" på Fylkesmessa 2014

Prisen vert tildelt ei ungdomsbedrift som ynskjer å løyse eit sosialt problem gjennom si ungdomsbedrift. Juryen vil spesielt vurdere:

- Har bedrifta eit klart definert sosialt problem som de ynskjer å løyse?
- Har bedrifta ei nyskapande (innovativ) løysing?
- Har bedrifta fokus på «dobbel bunnlinje», dvs. kan den vise til sosial endring og framtidig økonomisk bærekraft?
- Skaper bedrifta begeistring for sitt arbeid?

Døme : Tøff? UB fra Thora Storm vgs, Trondheim, skuleåret 2010/11

- Sosial utfordring: mobbing i skulen
- Nyskapande løysing: held foredrag om mobbing på ungdomsskular. Foredraget vekker oppsikt og spelar på kjensler. Viktige tema som nettmobbing, utestenging, planlagt mobbing, respekt og uvissheit blir tatt opp.
- Foredragsholdarane har sjølv hatt ulike posisjoner i mobbemiljøet.
- Hovudfokus på å redusere mobbing i skulen. Tener pengar på å holde foredrag.
- Skaper begeistring hos skuleeigar og på skular i Trondheim kommune

Til Fylkesmessa: Dei påmelde i konkurransen sender inn ein skriftleg beskrivelse av prosjektet (maks. to A4 sider) til eivind.husabo@ue.no Frist : **Fredag 13. februar 2015**

10. Beste internasjonale prosjekt

Beste internasjonale prosjekt er en klasse som *kun* finst på Fylkesmessa til Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Poenget med klassen er å premiere det prosjektet som best måte viser korleis skule og elevar samarbeidar med aktørar på den internasjonale arena. Dette kan vere einskildskular eller skular som går saman om å samarbeide med skular / næringsliv / organisasjonar i utlandet. Det kan vere ei ungdomsbedrift som samarbeider med næringsliv / ungdomsbedrifter / organisasjonar i andre land. Ungdomsbedrifter med ein internasjonal forretningsidé kan konkurrere i denne klassen. For eksempel ungdomsbedrifter som driv med import / eksport. Denne klassen er open for alle. Einskildkular eller prosjekt på tvers av skular kan melde seg på. Ein treng ikkje vere med i ungdomsbedrift for å melde seg på denne klassen. Kravet er at ein har meldt inn prosjektet til Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane på førehand.

Dersom ungdomsbedrifta er med i programmet EwB (Enterprise Without Borders) kan dei bli nominerte til pris på NM etter vurdering frå dommarane / Ungt Entreprenørskap.

Til Fylkesmessa: Dei påmelde i konkurransen sender inn ein skriftleg beskrivelse av prosjektet (maks. to A4 sider) til eivind.husabo@ue.no Frist : **Fredag 13. februar 2015**

11. Beste rekneskap

I samarbeid med Skattedirektoratet og Samarbeidsforum mot svart økonomi ynskjer vi å kåre den ungdomsbedrifta som har det beste rekneskapet

Juryen vil legge vekt på ein heilskapsvurdering, og vil spesielt vurdere ut frå fylgjande kriterium :

- God bilagshåndtering : er det ordentlege og fullstendige bilag for alle inntekter og utgifter?
Oversikt: er det ein god henvisning mellom bilag og rekneskap og er bilaga samla på en ordentlig måte? Bokføring : Er det eit godt system for registrering av kontantsal og god orden med inn/uttak av kasse? Sluttrekneskap : er det laga ei ordentlig resultatoppstilling og balanse.

Til Fylkesmessa: Dei påmelde i konkurransen sender inn fullstendig rekneskapsversikt, resultatrekneskap og revisjonsmelding til eivind.husabo@ue.no I tillegg må bedrifta ha med seg bilagsperm med samtlege rekneskapsbilag på Fylkesmessa 2012. Desse må overleverast ved ankomst i info skranken til Ungt Entreprenørskap.

Frist for innsending av elektronisk materiell : **Fredag 13. februar 2015**

12. Produktdesignprisen

- I denne konkurransen vert produktdesign og eller emballasje vurdert.

Ungdomsbedrifta må levere ei designbeskriving der ein forklarar litt om produktet, funksjonen og bruksområde til produktet. Sei også noko om tankane bak idéen og idéprosessen. Innlevert tekst bør vere på ca ½ A4 side (maks 1 A4 side).

Til Fylkesmessa: Send inn designbeskriving (maks to A4 sider) til eivind.husabo@ue.no Frist : **Fredag 13. februar 2015**

13. Beste HR-bedrift

Produktive og lønsame arbeidsplassar vert kjenneteikna av motivasjon og arbeidsglede blant medarbeidarane. Ei viktig målsetjing med denne HR-prisen er å inspirere elevane til å sjå samanhengen mellom motiverte medarbeidarar, innsats og resultat.

Juryen vil legge vekt på fylgjande kriterium :

- Bedrifta sin vurdering av talent og eigenskapar ved fordeling av ansvar og oppgåver
- Korleis har teamet fungert saman og eventuelt kva tiltak vart iverksett for å betre samarbeidet ?
- Erfaringar frå samarbeidet – kva har fungert bra og kva har fungert mindre bra?
- Bedriften sin eigen vurdering av korleis motivasjon og innsats har påverka resultatet
- IA strategi; mål og tiltak, samarbeid med NAV

Til Fylkesmessa: Send inn eigen rapport på IA arbeidet (pass på å samsvare med punkta ovanfor i vurderingskriteria) i ungdomsbedrifta (maks to A4 sider) til eivind.husabo@ue.no Frist : **Fredag 13. februar 2015**